

# Årsmelding 2007

## Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane

### Styret har for 2007 sett slik ut:

Leiar	Inger Handegård, Gaupne	På val 08	Er også leiar BK + jakt kontakt
Nestleiar:	Åse Danielsen, Nordfjordeid		
Sekretær:	Ellen Solset, Førde	På val 08	
1. vara:	Torill Otterhjell, Fortun	På val 08	

Kasserer u. styret:	Vigdis Vigdal, Jostedal
Revisor:	Torill Otterhjell, Fortun

Valnemnd:	Vigdis Vigdal, Jostedal	Asbjørg Rebni, Luster.	Vara: Monica Brugrand, Lærdal
Internettansvarleg:	Inger Handegård		

Bruks kontakt og 2. BK-medlem:	Gunnar Kvammen, Vassenden
Vara brukskontakt og vara BK-medlem:	Arvid Solheim, Lærdal

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Kasserer er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avløyning

### Medlemstal pr. desember 2007:

38 hovudmedlemmer + 2 familiemedlemmer

mot før 68/10 i 2000, 55/10 i 2001, 49/6 i 2002 40/5 i 2003, 57/? i 2004, 53/6 i 2006, 47/2 i 2006.

### Årsmøtet 23 februar 2007 i Gaupne

12 møtte fram og hadde ein hyggeleg dag saman.

### Styremøte

I 2007 har det berre vore eit ordinært styremøte gjennom kennelklubbens tilbod om telefonmøte. Dette tilbodet er no dessverre borte. Anna kontakt har vore pr. telefon, internett og i samband me at me har møtt kvarandre på prøvar og andre aktivitetar.

### RS-07

Ingen frå avdelinga reiste

### Medlemsinfo

Det er sendt ut lite separat medlemsinfo i 2007, men me har nytta oss av spalteplass i kvart nummer av Våre Spaniels og Inger Handegård har ansvar for avdelinga si heimeside på internett. Adresse til heimesida er: <http://home.no/nsk-sfj> Sida har hatt 2087 besøk siste året mot 3616 i 2006 og 1045 i 2005.

Tellaren står no på 9790 som er besøk sidan 17.2.02 då me starta å telje. Sida har vore forsøkt hyppig oppdatert, men det vert litt seinare oppdateringar når det er liten aktivitet. Tidlegare er det laga ein liten presentasjon om avdelinga som klubben sentralt sender alle nye spanielkjøparar i fylket.

### Kurs pelsstell:

Ein har meldt si interesse (frå anna avdeling), men det vart diverre ikkje ledig helg som passa både den påmeldte og instruktør, slik at kurs kunne ikke avhaldast.

### Minikurset i aktivisering / enkelt feltsøk /søk-appoint mandag 2. påskedag

Kurset vart i samarbeid med Luster hundeklubb og var ein suksess.

Sylvelin Andersen var instruktør for ein gjeng med springereigarar og to retrievereigarar.

### **Oppdrettarkurs i samarbeid med Luster hundeklubb**

Flere spanieloppdrettarar – etablerte og nye – er med. Kurset er både sosialt og fagleg og vert avslutta i 2008.

### **Bevegelege blodsporprøve**

15 hundar starta for dommarane Andreas Otterhjell, Arild Gjervik, Inger Handegård, Arvid Solheim og Torstein Solset. Av dette 8 springere, 1 amerikaner og 1 cocker. Totalt vart det gitt ut 6 x 1 pr til spaniels (10 1. premie i alt alt) og 2 x HP (springer).

### **Blodsporprøven i Luster 2. juni**

Som vanleg var prøven eit samarbeid med Luster hundeklubb som arrangerte prøve dagen etter. Det var påmeldt 21 hundar, berre 14 + reservehund fekk starte. Hundane vart trekt ut. Av dette 10 springere. Resultatet vart 13 x 1. pr., 3 x HP, 1 x 2. pr. og 1 x 3 pr. Dommere var Silje Hatlen og Birger Hogrenning frå Stryn.

### **Blodsporprøven i Askvoll 18 august**

10 hundar starta, berre ein fekk 1. premie (springer). Dommarar var Andreas Otterhjell og Erik Svendsen.

### **Jaktprøve del I (spor/vatn) – bevegeleg i Luster**

Berre ein hund var påmeldt i BK og ein vart godkjent med ein 2. premie. Dommar var Inger Handegård

### **Jaktanleggsprøve – bevegeleg i Luster og Askvoll**

6 hundar starta – 5 vart godkjent for dommarane Inger Handegård og Arild Gjervik

### **Utstilling**

Det var ikkje avhalde spanielutstilling i fylket i 2007. Einaste utstilling for spaniels var i Førde

### **Nye champions 2007**

**NVCH Desperados Titicaca** (Tica) til familien Kvammen, Vassenden

### **Nye kvelpar i Sogn og Fjordane**

Det er, etter det styret kjenner til, berre fødd to springer-kull i fylket i 2007 (Desperado), men det er kjøpt inn nokre kvelpar. Engelsk springer spaniel er framleis den dominerande rasen i fylket og mange av hundane vert brukt til jakt/ettersøk.

### **NM-blodspor 2007**

Fylket hadde berre to startande hundar: NSVCH Desperados Tingeling til Elin Anita Gjerde debuterte med ein hederleg 5. plass med HP!

### **Årets mestvinnande i fylket 2007:**

**Årets hund:** **NSVCH Desperados Tingeling** til Elin Anita Gjerde (som har vunne tidlegare) så premien går til nr. 2 **Desperados Vezla** til Inger Handegård  
**Årets debutant:** Leif Magne Aarnes med **Ingribakkens Mozart** og Ein til hadde oppnådd minst like god premiering, men var dessverre ikkje medlem  
**Årets junior:** **Reidun Kvammen** med NVCH Desperados Titicaca

### **NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis NSK's brukshundkomite**

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen og i tillegg er Gunnar Kvammen med. Utanfor fylket er Helene Berglund medlem i BK. Aktiviteten i komiteen har vore laber i 2007.

### **Økonomi**

Avdelinga har kr 45.300 på bank. Revidert rekneskapet vert lagt fram på årsmøtet.